

Kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland
Akersgata 59,
Postboks 8112,

0032 OSLO

Dato: 19.02.2019
Vår ref.: 2018/16486-23
Saksbehandlar: thoaare
Dykkar ref.:

Nytt inntektssystem for fylkeskommunane - Nye Vestland fylkeskommune ber om møte med KMD

På møte i fellesnemnda for Nye Vestland fylkeskommune, 14.februar 2019, vart det handsama sak om departementet sitt forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane.

Det vart m. a vedteke å be om eit møte med kommunal- og moderniseringsministeren for å klargjere sider ved departementet sitt forslag til nytt inntektssystem. Fellesnemnda meiner eit slikt møte vil vere nyttig for begge partar, for å sikre at alle verknader av departementet sitt forslag til nytt inntektssystem kjem fram.

Fellesnemnda merka seg at departementet sitt forslag på ingen måte tek opp i seg verknadene av det miljøvenlege teknologiskiftet som no pågår, særleg innanfor ferje- og snøggbåtsektoren. Ulike topografiske tilhøve er heller ikkje vektlagt i departementet sitt forslag, med tanke på at statlege tilskot til rassikring skal inngå i inntektssystemet frå 2020. Vestland fylkeskommune vil ha store behov for rassikring i høve andre deler av landet.

Det er også viktig for fellesnemnda å få forsikring frå kommunal- og moderniseringsministeren om at dei nye oppgåvene som vert overførte til fylkeskommunane frå 2020 er finansierte fullt ut ved overføringa. Så langt har ein merka seg at dette ikkje er tilfelle for det som gjeld overføring av sams vegadministrasjon og for dei statlege fiskerihamnene.

Med grunnlag i dette ser underteikna fram til eit raskt og positivt svar på førespurnaden om eit møte med kommunal- og moderniseringsministeren om forslaget til nytt inntektssystem for fylkeskommunane.

Anne Gine Hestetun

leiar i fellesnemnda

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.